

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: torsdag 21. januar 2021 12:24
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 3/2021, 21. JANUAR

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 3/2021, 21. JANUAR

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no.

[Arkiv med tidlegare nyhendebrev.](#)

KORONA (1) LETTARE KORONATILTAK - MEIR UNDERVISNING PÅ HØGSKULEN

Regjeringa oppmodar høgskular og universitet i område med lite koronasmitte til å gje studentar meir undervisning på høgskulen, og ikkje berre på nett slik det har vore dei to første vekene i 2021. Kriseleiinga ved Høgskulen i Volda har avgjort at skulen opnar for delvis fysisk undervisning. Frå og med måndag 25. januar skal alle studentar få noko fysisk undervisning, samstundes som vi held fram med ein god del digital undervisning. Unnataket er samlingsbasert undervisning, der vi held fram med berre digital undervisning ut februar som tidlegare kommunisert. Studentane får melding frå sine fagmiljø om korleis undervisninga blir. [Les meir om dette på nettsidene våre.](#)

KORONA (2) ANDRE KORONATILTAK

Studentpraksis går som normalt. Tilsette har ikkje eit generelt pålegg om heimekontor men tilsette vurderer situasjon i lag med næraste leiar. Høgskulen har ei grense på 10 personar om det blir arrangert fysiske interne møte eller seminar.

KORONA (3) INFORMASJON OM ZOOM-UNDERVISNING

[Overingeniør Roy Inge Nupen](#) har sendt -epost til alle tilsette med informasjon og påminning om korleis ein skal bruke Zoom til undervisning i klasserom. Alle klasserom er utstyrt med mikrofon som er kopla til PC-en og denne lyden går også ut på Zoom. 14 klasserom er utstyr med videokamera, i tillegg til "korona-klasseroma" på Uppheim, Rokken og Samfunnshuset. Andre klasserom kan også utstyrast med videokamera - men då må det avtalast på førehand ved å ta kontakt med [IT-hjelp på intern tlf 5400](#). Det har vore problem med kvaliteten på Zoom i heile Noreg på grunn av stor og raskt auka bruk, men dette er i ferd med å bli betra. [Her er generell informasjon om Zoom på nettsidene våre.](#)

KORONA (4) 53 STUDENTAR HAR TESTA SEG PÅ HØGSKULEN

I alt har 53 studentar testa seg på teststasjonen for korona som Volda/Ørsta kommunar har hatt på Høgskulen i Volda no i starten av semesteret. Førebels er det planlagt testing på høgskulen ein dag til. Testresultata vert som for alle andre formidla til den einskilde og til Volda kommune.

KORONA (5): FÅ SMITTA I VOLDA OG ØRSTA

Den siste veka har det vorte påvist fleire smitta i Ørsta og Volda, men alle har anten vore i karantene frå før eller vorte oppdaga ved innreise. Det har ikkje vorte påvist smitta med ukjent smittekjelde den siste veka. Alle tilsette og studentar blir oppmoda til å følgje med både på Høgskulen og Volda kommunes nettsider der det er oppdatert og kvalitetssikra informasjon om korona.

[Koronainformasjon frå Volda kommune.](#)

[Koronainformasjon frå Høgskulen i Volda.](#)

[Koronainformasjon frå Ørsta kommune.](#)

KORONA (6) SIVOLDA FÅR KR 194.000 FOR Å MOTVERKE STUDENTEINSEMD

Regjeringa har delt ut 10 millionar kroner til studentsamskipnadene som skal bruke pengane til tiltak for å motverke einsemd blant studentar. Sivolda har fått kr 194.000. Summen er utrekna ut frå eit grunnbeløp på kr 50.000 og resten ut frå tal medlemmer i samskipnaden. [Her er pressemeldinga frå regjeringa.](#)

STRATEGIARBEID 2021 (1) STRATEGIVERKSTADER I FEBRUAR-MARS

Høgskulen i Volda skal ha ein ny strategiplan. Planen skulle eigentleg gjerast ferdig i 2020, men vart utsett på grunn av korona. [Strategiplanen som no gjeld har datostemplinga 2017-2020.](#) Alle tilsette på HVO vil få invitasjon til å vere med på strategiverkstader i februar og mars. Avhengig av smittesituasjonen blir møta enten fysisk og/eller på video. Det er høgskulestyret som til sist skal vedta strategiplanen. [Direktør Karen Lomeland Jacobsen](#) og [rådgivar Joakim Yksnøy Rødven](#) leier strategiprosessen.

STRATEGIARBEID 2021 (2) REKTORBLOGGEN: "LOKALE OG NASJONALE STRATEGIAR - OG FJELLVETTREGLANE"

[Rektor Johann Roppen](#) dreg i eit blogginnlegg paralellar mellom å planlegge og gjennomføre ein fjelltur og den komande strategiprosessen. Våren 2021 vil det bli lagt mange nasjonale planar og strategiar som også vil få innverknad på Høgskulen i Volda - og strategiarbeidet. [Les heile innlegget i rektorbloggen.](#)

11. FEBRUAR: "INTERNASJONAL DAG FOR KVINNER OG JENTER INNAN FORSKING"

Den internasjonale årlege dagen for [kvinner og jenter innan forskning](#) 11. februar 2021 vert på Høgskulen i Volda markert med avspark på det nye forskingsprosjektet "[Kvinneløftet - NFR-prosjekt for kjønnsbalanse i akademia](#)". Høgskulen i Volda har fått [1 million frå Noregs Forskingsråd](#) til dette prosjektet. Prosjektleiar er [Forskingssjef Henriette Hafsaas](#) og med [rådgivar Hildegunn Hovde](#) som koordinator. Det kjem meir informasjon om arrangementet på nettsidene våre.

NYNORSKSENTERET: FAGDAG OM OMSETJINGSTEKNOLOGI 17. FEBRUAR

Nynorsksenteret tilbyr digital fagdag om bruk av omsetjingsteknologi i sidemålsopplæringa onsdag 17. februar kl. 12.00–14.40. Det er gratis å delta. Blant innleiarane er [høgskulelektor Synnøve Amdam](#), tidlegare HVO-student Hallvard Østrem (Nynorsk Pressekontor) og tidlegare HVO-tilsett Tone Vindegg (Utdanningsdirektoratet). [Senterleiar Torgeir Parr Dimmen](#) innleiar og oppsummerer. [Her er meir informasjon om fagdagen og lenke til påmelding.](#)

ARILD TORVUND OLSEN KJEM MED TEIKNESERIE: "KATTEN OG KRÅKA"

[Høgskulelektor Arild Torvund Olsen](#), Nynorsksenteret/AHL, kjem til våren ut med teikneserien "Katten og kråka" med teikningar av Trine Lise Normann. I eigenomtalen på Facebook står det: "Dette fantastiske eventyret om to vener som må overvinna umoglege odds, kjem ut våren 2021!". [Les meir på Facebooksida til forlaget ÜberPRESS.](#) Møre har også omtale av [bokdebutant Torvund Olsen og teikneserien.](#)

FAMILIEN FISKERSTRAND I MAGASINET "HEIMEBANE"

[Førsteamanuensis Pernille Fiskerstrand](#) og [høgskulelektor Arve Fiskerstrand](#), begge AHL, er hovudpersonar i ein fire-siders reportasje i magasinet "Heimebane" der utgangspunktet er den stygge bilulukka som Arve Fiskerstrand vart utsett for i 2019. Reportasjen er tilgjengeleg også på nettstaden "Sytalaust", som er namnet på firmaet som gjev ut magasinet. [Vil du bli meir kjent med dei to kollegene våre så kan du lese reportasjen her.](#)

TRE NYE FØRSTEAMANUENSAR PÅ AHL: REED, VATTØY OG BOLSTAD

Tilsettingsutvalet for fagleg tilsette (TUFO) har tilkjent tre høgskuletilsette kompetanse som førsteamanuensis. Det er dei tre ph.d.-ane [Beatrice Reed](#), [Kim-Daniel Vattøy](#) og [Oda Heidi Bolstad](#), alle AHL. Dei tre tidlegare i år disputert, men har på grunn av nytt regelverk no også vore gjennom ei særleg vurdering av pedagogisk basiskompetanse.

TRE LEDIGE STILLINGAR PÅ NORSK

Det er lyst ut inntil tre ledige fagstillingar i norsk eller norskdidaktikk på Institutt for språk og litteratur, AHL. Undervisningsoppgåvene for dei utlyste stillingane er hovudsakleg knytt til norskfaglege emne i

grunnskulelærerutdanningane, praktisk-pedagogisk utdanning, barnehagelærerutdanninga og vidareutdanningstilbod for lærarar. [Les meir om ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

FOLKEMUSIKKARKIVET FLYTTAR UT AV HØGSKULEN OG INN I SPINNERIET

Folkemusikkarkivet for Møre og Romsdal har i over 25 år hatt kontor og arkiv på Høgskulen i Volda. For eit par år sidan vart Folkemusikkarkivet teke over av [Sunnmøre Museum](#), og når museet no skal ha kontorlokale i Spinneriet i Volda sentrum vil også Folkemusikkarkivet flytte dit. Folkemusikkarkivet flyttar truleg ut i februar. [Nettsidene til Folkemusikkarkivet.](#)

IT-NYTT (1) STERK AUKE I BRUKEN AV MICROSOFT TEAMS

Teams har vorte eit viktig samarbeidsverktøy i heile UH-sektoren, og også ved Høgskulen i Volda. Avdelingane har etter kvart fått ein betre struktur på bruken. Det er no fleire hundre aktive grupper og i mange er det med eksterne samarbeidspartnarar. Om lag halvparten av gruppene er oppretta av studentar. [Læringsverkstaden](#) har ei opa gruppe i Teams der nyhende om Teams vert delt.

IT-NYTT (2) NYNORSK STAVEKONTROLL PÅ IPAD

Dei som brukar Ipad kan no også få stavekontroll på nynorsk slik at elevane ikkje lenger får raude strekar under dei nynorske orda. For å få på plass nynorsken må du installere nynorsk tastatur. [Oppskrift på det finn du på bloggen til nynorsksenteret.](#)

INVITASJON TIL STUDENTAR OM Å MELDE SEG TIL FADDERSTYRET FOR 2021

Har du lyst å bidra til at fadderveka ved Høgskulen i Volda i 2021 blir heilt magisk? Då kan du søke på eit av deg seks verva i faddervekestyret fram til og med 31. januar. [Les meir på nettsidene våre.](#)

VOLDA KOMMUNE STØTTAR STUDENTFESTIVALAR I 2021

Volda kommune har vedteke å gjeve festivalstøtte til studentfestivalane ved Høgskulen i Volda også i 2021. Både [Dokfilm-festivalen](#), [Animation Volda](#) og [Veka](#) får støtte. [Kammermusikkfestivalen](#), [X2](#), [Dei nynorske festspela](#) og [Naturfestivalen](#) har også fått støtte. [Les meir i Møre-Nytt.](#)

PUBLISERINGAR (1): SEND GJERNE TIPS!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar i nyhendebrevet, så send meg gjerne informasjon når du har lenke til ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert. [Hugs også på å registrerer publiseringane dine i Cristin.](#)

PUBLISERINGAR (2): NYE RAPPORTAR, STUDENTOPPGÅVER OG ANDRE ARBEID

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til biblioteket ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

PUBLISERINGAR (3): TRULEG AUKE I PUBLISERINGANE I 2020

Fristen for å registrerer publiseringar i Cristin-systemet var 15. januar 2021. Det førebelse inntrykket av registreringane så langt er at det kanskje er fleire publiseringar i 2020 enn i 2019, men svar på det får vi først om nokre månader. [Her er lenke til Cristin-pålogging.](#) Ta gjerne kontakt med [rådgivar Geir Tangen](#) om du har spørsmål om registrering.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2021

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Vårsemesteret 2021:

13.1.2021: [Utdanningsutvalet](#)

28.1.2021: [Forskningsutvalet](#)

8.-12.2.2021: [Internasjonal veke](#)

11.2.2021: Internasjonal dag for kvinner og jenter i forskning

13.-27.2.2021: [Studentveka](#)

17.2.2021: [Utdanningsutvalet](#)
18.2.2021: [Forskingsutvalet](#)
19.2.2021: [Disputas](#) for [Stein Conradsen](#), AHL, på HVO
4.3.2021: [Styremøte](#)
18.-19.03.2021: Avdelingsseminar, ASH
14.4.2021: [Utdanningsutvalet](#)
21.-25.4.2021: [Dokfilm-festivalen](#)
29.04.2021: [Styremøte](#)
26.5.2021: [Utdanningsutvalet](#)
3.6.2021: Etatstyringsmøte med Kunnskapsdepartementet, HVO
10.06.2021: [Styremøte](#)
16.-17.06.2021: [Fjordkonferansen](#), Molde

Hautsemesteret 2021:

9.09.2021: [Styremøte](#)
24.-28.09.2021: [Forskingsdagane 2021](#)
1.10.2021: 50-års jubileum for [Avdeling for mediefag](#)
20.10.-21.10.2021: [Styreseminar og styremøte](#)
29.-30.09.2021: [Karrieredagane 2021](#)
[Animation Volda](#) (dato ikkje bestemt)
3.-04.11.2021: [Utdanningsdagane 2021](#)
9.12.2021: [Styremøte](#)

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[19.1.2021: Lokale og nasjonale strategiar - og fjellvettreglane](#)

[8.1.2021: 2021: Det var ikkje slik det skulle bli](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg.](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget](#)

[Mediehuset - nytt om huset og bilde av bygginga](#)

Med venleg helsing

Johann Roppen

Rektor

Høgskulen i Volda

Telefon: 47 28 64 23

www.hivolda.no

